



MELAND KOMMUNE  
Postboks 79  
5906 FREKHAUG

Dato: 03.11.2017  
Vår ref.: 2016/34275-12  
Saksbehandlar: hanengu  
Dykkar ref.:

## Fråsegn - Høyring av planprogram for rullering av kommuneplanen sin arealdel - Meland kommune

Vi viser til brev datert 28.09.2017 om med høyring av planprogram for kommuneplanens arealdel for Meland kommune. Føremålet med arbeidet er å rullere kommuneplanen på utvalde tema. Kommunen har vurdert at planen utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Hordaland fylkeskommune vurderer planprogrammet ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

### Vurdering og innspel

#### Planfaglege merknader

Hordaland fylkeskommune vurderer at planprogrammets føringer for konsekvensutgreiingar er tilstrekkeleg for å få fram eit eigna avgjerdsgrunnlag. I den vidare teksten vil vi konkret gi innspel til dei tema som planprogrammet omtaler.

#### Akvakultur

Kommunen ønskjer som ein del av planarbeidet å ha fokus på akvakulturnæringa sitt potensiale. Næringa er i stadig vekst, og det er viktig å kartlegge moglegheiter og avgrensingar framover. Det er etablerte akvakulturanlegg i kommunen som ikkje har høve å vidareutvikle drifta p.g.a. militær forbodssone. Kommunen vil i planarbeidet vurdere alternativ lokalisering for areal til akvakultur langs kystsona. Det vil også verte gjort vurdering på landbasert næring knytt til akvakultur.

Det er positivt at kommunen særleg med erfaringar frå konflikt mellom Forsvaret sine interesser og akvakulturinteresser ser trond for ein gjennomgang av sjødelen av arealplanen.

Arealplanen bør tilpassast akvakulturnæringa sine noverande og framtidige behov. Rullering av sjødelen av planen bør gjerast i dialog med alle partar dette vedkjem, og særleg med næringa og offentlege etatar.

Det er viktig at kommunen planlegg for akvakultur på ein slik måte at ein tek høgd for næringsutvikling både med omsyn til omstrukturering av lokalitetane og moglegheit for ny teknologi og nye arter.

Hordaland Fylkeskommune meiner og at det er positivt at kommunen tar høgde for nye områder og nye artar innan akvakultur.

I den vidare planprosessen oppmodar vi kommunen om å kontakte akvakulturnæringa for å få innspel om næringa sin trond for sjøareal i framtida.

## Klima og energi

Det er positivt at kommunen har berekraft som ein av sine verdiar, og at berekraftig utvikling skal vere eit overordna mål for den nye kommuneplanen. Det er vidare positivt at kommunen kjenner til og vil ta omsyn til Klimaplan for Hordaland (2014-2030).

## Areal for gjenbruksmassar

Som del av planarbeidet ønskjer kommunen å finna areal til varig massehandtering og vurdere områder for varig plassering av massar eigna til landbruksproduksjon. Ifølgje planprogrammet vil rettleiaren «Jordmassar frå problem til ressurs» utgjere grunnlag for vurderingar i planarbeidet. I planprogrammet er det også nemnt fleire større reguleringsplanar for vegutbetringar og gang-/sykkelveg, som vil generere overskotsmassar som må søkjast nytta på ein samfunnsviktig god måte.

Det er positivt at kommunen set massehandtering på dagsordenen på eit så tidleg planstadium. Då vil sjansen for å finne god bruk av overskotsmassane vere størst. Overskotsmassar av jord og stein bør sjåast på som ressursar som bør søkjast nytta mest mogeleg samfunnsviktig. Det vil vere interessant å følgje med på planarbeidet og kanskje kunne bidra frå regional ståstad.

I tillegg til den nemnde rettleiaren «Jordmassar frå problem til ressurs», kan det kanskje vere relevant å også sjå til andre arbeid som er gjort. Bergen kommune har alt fått utarbeidd utgreiinga «Samfunnsviktig massedisponering» (rapport i 2015) i samband med kommuneplanen sin arealdel. Det er også gjort «mulighetsstudium» for bruk av overskotsmassar frå bygginga av ny E16/Vossebanen Arna-Voss. Akershus fylkeskommune vedtok regional plan for masseforvaltning i Akershus i 2016. Planen omfattar tema som byggjerastoff (sand, grus og pukk), gravemassar, byggavfall og gjenbruk av overskotsmassar, og inneholder regionale planretningsliner for arealplanlegginga i den enkelte kommune. Også *Regionalplan for massehåndtering på Jæren 2017-2040*, som vart sendt på høyring i juni 2017, inneholder retningsliner for massehandtering.

Plantemaet masseforvaltning er også sett på dagsordenen i Regional areal- og transportplan for Bergensområdet 2017-2028, der tiltaket «Mulighetsstudie for massehåndtering i Bergensområdet» er føreslått i 2018. Endelig er det i *Regional planstrategi for Hordaland 2016-2020*, omtalt at det kan bli aktuelt å ta inn forvaltning av stein, sand, grus og mineralar, og bruk av overskotsmassar frå samferdselanlegg, under regional plan for areal, natur- og kulturminneressursar.

## Senter- og tettstadsutvikling

Meland kommune har sterkt befolkningsauke og behovet for skolekapasitet er aukande. Det er positivt at ein i kommuneplanen ønskjer å vurdere lokalisering av barneskule i området Dalstø-Frekhaug. Vi viser i denne samanheng til Regional plan for attraktive senter, Regional areal- og transportplan for Bergensområdet og Klimaplan for Hordaland. Desse har alle retningsliner for utbyggingsmønster og lokalisering av funksjonar. Gjennom kommuneplanprosessen bør ein få vurdert ulike areal for lokalisering med utgangspunkt i lokale behov og innanfor regionale føringer. Grunnskule og barnehage er ofte dei mest desentraliserte tenestene. Lokalisering i nærsenter eller lokalsenter er ofte ein fordel med tanke på tilgjenge og transportbehov, og kan gi gode moglegheiter for sambruk av lokale.

## Næringsutvikling

### Reiselivsrelatert næringsutvikling

Plan og bygningslova opnar for at kommunane kan legge til rette for tiltak som i utgangspunktet ikkje er i tråd med LNF-føremålet. Dette kan vere relatert til landbruksbasert reiseliv og seterturisme, men også produksjon og sal av nisjeprodukt frå landbruket. Det er positivt at Meland kommune no vil legge overordna rammer for denne type verksemd i kommuneplanens arealdel. Vi vil i den samanheng vise til at Kommunal- og moderniseringdepartementet nyleg har utarbeida rettleiaren H-2401 «Garden som ressurs» som nettopp handlar om bygge- og anleggstiltak i og i tilknyting til landbruket. Denne erstattar rettleiaren T-1443 «Plan- og bygningsloven og Landbruk pluss».

### *Meland golf*

Innafor temaet reiselivsrelatert næringsutvikling omtaler planprogrammet også utvikling av Meland golf. Det vert vist til at omfanget av utviklingsplanane til Meland golf går ut over rammene i gjeldande arealdel, og at det vil omfatte golfresort, hotell, kulturminnepark, bustader, strandpromenade, småbåtanlegg og større tenestetilbod. Det er ingen tvil om at Meland golf har potensiale til å utvikle seg vidare som ein positiv reiselivsdestinasjon, men dette må likevel skje innanfor rammene av nasjonal og regional politikk, og må mellom anna bli sett i lys av Regional areal- og transportplan for Bergensområdet som vart vedteken i juni 2017, og Regional plan for attraktive senter. Desse gir mellom anna rammer for bustad og næringsutvikling og lokalisering av tenester i kommunane. Dette området er ikkje definert som eit senterområde og Hordaland fylkeskommune vil peike på at dette må vere med i vurderinga av omfang av bustader og funksjonar.

### *Andre moment*

Planprogrammet peiker på at ein skal vurdere om næringsområda ved Landsvik (N13 og 14 i gjeldande plan) er eigna for sjøbruksrelatert næring. Vi vil understreke at vegforbindelsane ut i dette området er av dårlig kvalitet og standard, og viser i den samanheng til rekkefølgeføresegna i gjeldande plan om at utbygging av områda er avhengige av utbetra/ny veg.

### Samferdsel

#### *Sambandet Vest*

Prosjektet har som føremål å knyte saman Nordhordland med Askøy og Sotra/Øygarden, og styret i Sambandet vest har gjort vedtak om brukryssing over Herdlefjorden frå Askøy til Meland og inn mot Eikeland. Styret har som mål at prosjektet vert teke inn i Regional Transportplan og vert starta opp i 2021. Prosjektet er tenkt delvis finansiert med bompengar.

Hordaland fylkeskommune har forståing for ønsket om å etablere eit slikt vefsamband nord i fylket, men vil poengtore at dette er eit stort og krevjande prosjekt som krev konsekvensutgreiing og store bevillingar i tillegg til eventuell bompengefinansiering. Det kan vere hensiktsmessig å syne traseén i det overordna plankartet for Meland kommune. Samstundes vil Hordaland fylkeskommune understreke at prosjektet ikkje er prioritert i Regional transportplan, og det er knytt stor usikkerheit til finansiering av prosjektet då kostnadene for brubygging og konsekvensar og naudsint utbetring av vefsystemet ikkje er kjent.

### Kulturminne og kulturmiljø

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt for kulturminnevern.

#### *Om kulturminne og kulturmiljø*

Kulturminne og kulturmiljø er ein ikkje-fornybar ressurs som skal vernast i ein heilsakapleg miljø- og ressursforvaltning. Både som vitskapleg kjeldemateriale og synlege element i omgjevnadane, skal desse ressursane gje varig grunnlag for nålevande og framtidige generasjonar sin kunnskap om kulturarv, sjølvforståing og identitet. Knytt til lokal samfunnsutvikling er kulturminne og kulturmiljø kjelde til trivsel, oppleveling og verdiskaping.

Omsynet til kulturminne skal sikrast i all lokal, regional og nasjonal utvikling og arealplanlegging. Hordaland fylkeskommune ser det som positivt at Meland kommune har starta opp arbeid med kulturminneplan, jf. planstrategi for Meland kommune 2016-2020. Kommunane har hovudansvaret for å identifisere, verdsætte og forvalte verneverdig kulturminne i tråd med nasjonale mål, jf. dei nasjonale forventningane kommunal og regional planlegging frå 12.06.2015. Fylkeskommunen har ansvar for å sørge for dei nasjonale kulturminneinteressene og støtte kommunane med rettleiing.

Gjennom ein kulturminneplan vil kommunen få eit betre oversyn over kulturminne og kulturmiljø, både dei som er freda og dei som er viktige lokalt. Ei god oversikt er naudsint i forvaltninga av plan- og bygningslova, og ein viktig reiskap for å prioritere kva kulturminne og kulturmiljø som kan framhevest i lokal

samfunnsutvikling innan reiseliv, utdanning, friluftsliv, folkehelse, utvikling av attraktive tettstader og identitetsskapning i kommunen.

Ved offentleg ettersyn må ikkje planen vere i konflikt med automatisk freda kulturminne eller andre nasjonalt og regionalt viktige kulturminne på land og i sjø/vatn.

### **Planprogram**

Planprogrammet for rullering av kommuneplanen bør også ha fokus på integrering av kulturminneplanarbeid i kommuneplanen. Vi rår kommunen til å inkludere kulturminne som eige tema under rullering av kommuneplanen.

I høve til viktige regionale føringar som ein må ta omsyn til minner vi om Regional plan for kultur 2015-2025: *Premiss kultur*. Forvalting og formidling av hus og landskap er mellom anna hovudsatsing i den regionale kulturplanen. Endra busetnad og infrastruktur er også ei kulturpolitisk utfordring, og kulturplanen rettar difor merksemrd mot fysiske omgjevnader i rask omskifte: «*Ei god arealutvikling krev at både offentlege styresmakter og private utbyggjarar tek eit heilskapleg ansvar...Høge krav til kvalitet i nye planar og istandsetting av bygde miljø skapar attraktive sentrum og er del av ei berekraftig stad- og byutvikling. Omgjevnader der folk møtest, skapar gode og levande lokalsamfunn. Ein arealpolitikk med vekt på kvalitet skal gje rom for menneskeleg utfaldning, verke positivt på vår eigen trivsel og fremje fysisk, psykisk, kulturell og sosial utvikling og deltaking.*»

I ei konsekvensutgreiing må kulturminna skildrast, og konfliktgraden mellom byggområde og kulturminne, både freda kulturminne og kulturminne frå nyare tid, avklarast. I områder med nye arealføremål med tanke på utbygging, næring osv. må det foretast ei vurdering av potensiale for funn av ukjende automatisk freda kulturminne. Mangefull konsekvensutgreiing, eller føresegner som ikkje ivaretok viktige kulturminneinteresser eller tek høgde for undersøkingsplikta (jf. kulturminnelova § 9), er grunnlag for motsegn frå Hordaland fylkeskommune som kulturminnemynde.

Det er ein stor føremon at planproduktet, særleg arealplankartet, føresegner og retningsliner, er ryddige slik at ein unngår konflikt med kulturminneinteressene. Sjølv om ein kulturminneplan ikkje ligg føre i den komande planlegginga av arealdisponeringa, kan kommunen gjere nytte av tilgjengelege databasar og stadlege kjelder som gjeld både verna kulturminne og lokale kulturminneinteresser.

Nye byggområde og LNF-område der spreidd utbygging er tillate, kan ikkje vere ikonflikt med freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne med regional eller nasjonal verdi, og er motsegnsgrunnlag frå kulturminnemynde.

### **Omsynssoner**

Freda kulturminne må visast på plankartet med omsynssoner d, jf. pbl § 11-8, d. Kulturminne som ikkje er freda kan også ha verneverdi, desse må visast på plankartet som omsynssoner c innanfor planområda, jf. pbl § 11-8, c. Det overordna målet med omsynssone c er å ta vare på kulturminnet i det landskapet det ligg i. Det bør utgreiast korleis kommunen skal sikre verneverdige kulturminne i kommunen. Omsynssoner skal i utgangspunktet kombinerast med arealføremål som ikkje opnar for nye tiltak, til dømes LNF. Det må vidare knytast føresegner til omsynssone d og retningsliner til omsynssone c som sikrar at verneføremåla vert ivaretokne.

#### «Omsynssone d (SOSI-kode H730)

I omsynssone d er det automatisk freda kulturminne. Arealet er bandlagt etter kulturminnelova § 4, jf. § 6. Det er ikkje tillate å gjøre nokon form for varige eller mellombelte inngrep som er eigna til å skade, øydeleggje, grave ut, flytte, forandre, dekke til, skjule eller på nokon måte utilbørlig skjemme automatisk freda kulturminne, eller framkalle fare for at dette kan skje, jf. kml. § 3. Tiltak som kan ha innverknad på automatisk freda kulturminne skal leggjast fram for Hordaland fylkeskommune som regional kulturminnemynde, jf. kulturminnelova §§ 3 og 8.»

Gjeldande kommuneplan har berre eit objekt under omsynssone d – H730-1 Meland kyrkjested.

I Askeladden, den nasjonale kulturminnedatabasen, er det over 70 freda kulturminne som er båndlagt etter kulturminnelova og bør merkast på kart som omsynssone.

#### «Omsynssone c (SOSI-kode H570)

Nye tiltak skal ivareta omsynet til kulturminne/kulturmiljø/kulturlandskap i området. Saker som virke inn på kulturminne av regional og nasjonal verdi skal sendast Hordaland fylkeskommune som regional kulturminnemynde for vurdering.»

Gjeldande kommuneplan har 6 område som er vist som omsynssone C kode H570 : Mjåteitstø, Holme, Eikeland, Io, Vikebø og Frekhaug. Det er truleg fleire viktig kulturmiljø i kommunen som bør sikrast i omsynssoner i kommuneplan, jf. kulturminneplanarbeid i kommunen.

#### Generelle føresegner

Dei generelle føresegnene er viktige for å få sikra omsynet til kulturminneinteressene jf. pbl § 11-9, nr. 7. Hordaland fylkeskommune ber difor om at ein i dei generelle føresegnene får inn at:

*«Kulturminne og kulturmiljø skal vera ein integrert del av planlegging og søknad om tiltak. I all arealplanlegging skal kulturminnemiljø dokumenterast og det skal visast til korleis ein har søkt å ivareta dette gjennom planforslag og plantiltak». «Verneverdige einskildbygningar og kulturmiljø og andre kulturminne skal i størst mogleg grad takast vare på som bruksressurs og verta sett i stand.»*

Hordaland fylkeskommune har ikkje gjennomført arkeologiske registreringar i heile kommunedelplanen sitt areal. Fylkeskommunen kan dermed ikkje seie seg samd i ny arealbruk i kommuneplanen sin arealdel før § 9 i kulturminnelova er oppfylt for det einskilde byggeareal, og tilhøvet til automatisk freda kulturminne er avklart. Undersøkingsplikt etter § 9 i kulturminnelova skal oppfyllast i samband med utarbeiding av reguleringsplan eller ved søknad om tiltak, dette gjeld både land- og sjøareal. Hordaland fylkeskommune ber difor om at ein i dei generelle føresegnene får inn at:

*«Hordaland fylkeskommune har ikkje gjennomført arkeologiske registreringar i heile kommuneplanen sitt areal. Fylkeskommunen må ta etterhald om nye byggeområde i kommuneplanen sin arealdel, inntil § 9 i kulturminnelova er oppfylt for dei einskilde byggeareal, og tilhøvet til automatisk freda kulturminne er avklart.»*

For å sikre handhevinga av undersøkingsplikta, jf. § 9 i kulturminnelova, bør føresegner knytt til LNF-område med høve for spreidd utbygging og spreidd næring vere:

*Alle tiltak i ubebygd areal innanfor LNF-område med høve for spreidd utbygging og spreidd næring skal sendast Hordaland fylkeskommune for vurdering av kulturminneinteresser, jf. kulturminnelova §§ 3, 8 og 9.»*

#### Riksantikvarens merknader og vurderinger

I brev datert 25.10.2017 skriv Riksantikvaren at:

*Meland mellomalderkyrkjestad*

*Innanfor planområdet ligg Meland mellomalderkyrkjestad. Den eldste kyrkja var truleg ei stavkyrkje. Denne vart, sannsynlegvis rundt 1616, erstatta med ei tømmerkyrkje på same tuftområde. Denne vart riven etter at noverande kyrkje sto ferdig. Noverande kyrkje ligg om lag 200 m nordaust for mellomalderkyrkjestaden.*

#### Kommentarar

*Dei automatisk freda kulturminna er svært sårbare – ikkje berre i høve til inngrep, men også i høve til endringar i omgjevnadane. Forbodet mot skjemming av automatisk freda kulturminner står difor sterkt i lovverket. Eit sentralt punkt i denne saka er om tiltak i nærleiken av kyrkjestaden vil være utilbørlig skjemmande, jf. kulturminnelovens § 3.*

*Vårt innspeil på dette stadiet er generelt. Vi vil påpeike at den mellomalderske kyrkjestaden er eit kulturminne av nasjonal verdi. Det er viktig at ein ved planlegging av tiltak i kyrkjestaden sine nærmaste omgjevnader tar tilstrekkeleg omsyn til dette, slik at kyrkjestaden sin kunnskaps- og opplevingsverdi kan takast vare på for framtida.*

*For å synleggjere at den mellomalderske kyrkjestaden er eit automatisk freda kulturminne, skal det visast som omsynssone d) bandlagt etter kulturminnelova i plankartet og omtalast i føreseggnene jf. pbl. § 11-8, SOSI-kode H-730. Omsynssone d) skal ha svart rutenettskravur. Koordinatane for avgrensinga av Meland mellomalderkyrkjestad ligg i Askeladden, id nr. 156372.*

*Denne teksten bør tas med i føreseggnene til kommuneplanen for Meland mellomalderkyrkjestad:*

*«Den mellomalderske kyrkjegarden er eit automatisk freda kulturminne. Innanfor mellomalderkykjegarden er gravlegging berre tillate i gravfelt som har vore i kontinuerleg bruk etter 1945. Gravfelt som ikkje har vore i bruk etter 1945 skal ikkje brukast til gravlegging. Alle inngrep i grunnen eller andre tiltak som kan verke inn på det automatisk freda kulturminnet er ikkje tillate med mindre det ligg føre dispensasjon frå kulturminnelova.»*

### **Marine kulturminne**

Då planen har areal i sjø har saka vore lagt fram for Bergens Sjøfartsmuseum. I e-post datert 25.10.2017 står det at:

*«Vårt ansvarsområde, etter føresegn til Lov av 9.juni 1978 nr. 50 om kulturminne, gjeld marine kulturminne og omfattar derfor sjø- og strandområda, samt vann og vassdrag. Bergens Sjøfartsmuseum er etter føresega til Kulturminneloven marinarkeologisk uttalemuseum i forbindelse med alle tiltak som råkar sjøbotnen.*

*Museet er vidare rette myndighet til å krevje undersøkingar ved tiltak, planer og utreiingar som vil kunne råka kulturminne under vann, og skal derfor underrettast ved oppstart av alle regulerings- og byggeplanar, samt andre tiltak som omfattar sjøareal. Vi minner om at undersøkingsplikta i Kulturminnelovens § 9 også gjeld for sjøbotnen og i vassdrag. Døme på tiltak i sjø er mudring/graving, utfylling/dumping, legging av vassleidningar, bygging av kaier, brygger, flytebrygger med meir. Særskild for kulturminne i vatn og sjø er Kulturminnelovens § 14 som inneber at skip og skipslast eldre enn 100 år er statleg eigedom.*

*Varslinga skal skje gjennom Hordaland fylkeskommune, kultur- og idrettsavdelinga, eventuelt med kopi av sakene direkte til oss for uttale. Alle saker må leggjast fram for fylkeskommunen, som er mottak for alle plan- og tiltakssaker. Våre vurderingar av kva for planer som krev særskilte undersøkingar vil bl.a. ta utgangspunkt i føreliggjande kunnskap om førekomstar av kulturminne, eventuelt en vurdering av regulerings-/ tiltaksområdets potensial for marine kulturminne.*

*Vi kan nemne at det har blitt gjort funn av maritime kulturminner ved Littlebergen (id: 123730). Området er registrerte i Askeladden/Kulturminnesøk som godt egnet som ankringsplass, og ligger strategisk plassert ved den indre farleia langs kysten. Det er gjort flere løsfunn i området, blant annet stein- og leirgods, samt krukkefragmenter som tyder på maritim bruk av Flatøyosen fra 1600-tallet og utover. Det er også registrert skipsvrak i Askeladden. Bark Eline (id: 89151-1) som gikk ned i 1912 ved Skjellanger. Det skal vera restar av båten igjen, og desse er automatisk verna sidan dei er eldre enn 100 år. Meland har også fleire ankringsstader for båtar som er nemnd i eldre losbøker frå 1800-talet.*

*Ei konsekvensutreiing med tanke på marine kulturminne for alle kommuneplanens utbyggingsområde i sjø vurderer me som en uforholdsmessig stor jobb både praktisk og økonomisk, og bør slik me ser det ikkje være en del av den prosessen som nå planleggjast. På grunn av planområdets store omfang føretrekk me at tiltak blir førelagde oss på regulerings- eller byggeplannivå. Då vil trulig planane også være meir konkrete i utforming og omfang.*

*Bergens Sjøfartsmuseum oppmodar Meland kommune om føljande:*

*å sørge for at planlagde områdedisponeringar som omfattar sjøareal har en klausul i kommunedelplanens forskrifter om at de skal utredes med regulerings- eller byggeplan, og dermed lagt fram for museet for uttale via fylkeskommunen. å sørge for at kommunedelplanens føresegn har eit påbod om at alle planlagde enkelttiltak som skal utførast i sjø skal leggjast fram for Bergens Sjøfartsmuseum for uttale via fylkeskommunen.*

Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre [www.hordaland.no/plan](http://www.hordaland.no/plan).

**Oppsummering**

Hordaland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særleg vekt på akvakultur, næringsutvikling, samferdsel, senterutvikling og lokalisering av funksjonar, samordna areal- og transportplanlegging, kulturminne og kulturmiljø.

Eva Katrine R. Taule  
fagleiar kommunal plan

Hans-Christian Engum  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Saksbehandlar:

Hans-Christian Engum, Seksjon for plan - REG AVD, REGIONALAVDELINGA

Gunhild Raddum, transportplanseksjonen, SAMFERDSELSAVDELINGA

Tale Halsør, klima- og naturressursseksjonen, REGIONALAVDELINGA

Jomar Ragnhildstveit, klima- og naturressursseksjonen, REGIONALAVDELINGA

Endre Korsøen, klima- og naturressursseksjonen, REGIONALAVDELINGA

Elisabeth Warren, fylkeskonservator, REGIONALAVDELINGA